

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 63/2006**

av 2. juni 2006

om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 35/2006 av 10. mars 2006⁽¹⁾.
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/1/EU av 18. januar 2006 om bruk av køyretøy som er leigde utan fører til godstransport på veg⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Direktiv 2006/1/EU opphevar kommisjonsvedtak 2001/686/EU⁽³⁾, som var teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkelf 1

I vedlegg XIII i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 29 (rådsdirektiv 84/647/EØF) skal nytt nr. 29a lyde:

”29a. **32006 L 0001**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/1/EU av 18. januar 2006 om bruk av køyretøy som er leigde utan fører til godstransport på veg (EUT L 33 av 4.2.2006, s. 82).”
2. Teksta i nr. 29 (rådsdirektiv 84/647/EØF) vert oppheva.

⁽¹⁾ TEU L 147 av 1.6.2006, s. 53, og EØS-tillegget til EUT nr. 28 av 1.6.2006, s. 21.

⁽²⁾ TEU L 33 av 4.2.2006, s. 82.

⁽³⁾ TEF L 335 av 22.12.1984, s. 16.

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2006/1/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerala tek til å gjelde 3. juni 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerala skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 2. juni 2006

For EØS-komiteen

R. Wright

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.